

Fra: Trygve Syslak (terlsy@online.no)

Sendt: 15.06.2015 12:20:59

Til: Kultur- og idrettsavdelinga - Postmottak

Kopi:

Emne: Samnbygd anlegg i Austrheim, Hopland 155/15

Vedlegg: hopland 155 15.jpeg;IMG_0511.jpeg;010.jpeg;Ca 1930 155-15.jpeg

Hei

Me vart tipsa om Fylkeskonservatoren i Hordaland av Arild Sætre på Museumssenteret i Hordaland og vender oss med dette til dykk.

Me har i vårt eige ei kulturhistorisk perle som me ynskje å ta vare på, på Hopland i Austrheim 155/15.

Dette er eit samanbygd anlegg, der eine delen av huset og løa er dagsett til omlag 1730 talet og den andre delen av huset er flytta frå Masfjorden og oppsett her i 1850.

Mellombygget mellom desse to stovene er kanskje eit gamalt eldhus iflg Arvid Skogseth (bygdebok for Austrheim band 2).

Me har så vidt kome i gang med arbeidet, og har delt planane opp i minst tre-fire ulike prosjekt.

1. Restaurere vernemuren på vestveggen av løa
2. Reparere tak på hus
3. Veggjar ute og vindaug
4. Golv

Vi har pr i dag fått tilsagn om midlar frå Norsk Kulturminnefond og Hordaland fylke Vern og Vøl på omlag 60 % av kostnadsoverslaget på muren (utarbeida av Haakon Aase), og håper vi kan kome i gong med dette arbeidet i løpet av hausten.

Me veit ikkje om dette er noko som de kan vera behjelpeleg med på noko måte, eller om dette fell utanfor dykkar arbeidsfelt.

Hadde vore kjekt med ei tilbakemelding frå dykk.

Legg ved nokre bilete så kan de sjå kva bygg det er snakk om.

Det er i tillegg til dette anlegget fleire andre bygningar som høyrer til på bruket.

Mvh

Linda og Trygve Syslak

Hoplandsjøen 79

5943 Austrheim

mobil 99434920



